



Norstrand Eiendomsrådgivning AS
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2140 - 19/20729

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

25.11.2019

Godkjenning - utsleppsløyve av gråvatn - hytte - gbnr 46/1 Åsebø

Tiltak: Utslepp av gråvatn frå hytte
Byggestad: Gbnr: 46/1
Tiltakshavar: Ivar Magnar Dalland
Ansvarleg søkjar: Norstrand Eiendomsrådgivning AS
DS 237/2019

Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn (gråvatn) med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta § 12- 5

Vi syner til søknad motteke og tilleggsopplysningar motteke 27.08.19 og 04.10.19.

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 07.06.2019, søkt om eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Åsebø gbnr 46/1 i Meland. Det vart tidligare søkt om dispensasjon for bruksendring frå hønehuset til fritidsbustad. Dispensasjonen vart gjeve i UDU møte den 16.10.18 i PS 79/2018. Det skal sendast inn søknad om bruksendring frå hønehuset til fritidsbustad i samsvar med pbl §20-1. Nå er det søkt om utslepp frå hytte.

Utsleppet det er søkt om er eit gråvassutslepp som skal via slamavskiljar på 1 m3 til grøft på gbnr 46/1 i samsvar med situasjonskart motteke 04.10.19. Det er veg til eigedom, så tømning av slamavskiljar skal innlemmast i kommunal tømmeordningen. Vatn vart lagt inn i hytte for 30 år siden frå brønn på garden.

Det skal ikkje monterast vassklosett.

Vidare er det opplyst at det er brønnvatn på garden på gbnr 46/1 som skal nyttast på hytten. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonskart mottatt 04.10.19.

Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla i samsvar med pbl § 21- 3 .

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eigaren av gbnr 46/1 har samtykket i tiltaket i vedlagt samtykkemotteke 04.10.19.

Ansvarsrett:

Det er gjeve utsleppsløyve her, det er ikkje teke stode til ansvarsrettar og det er ikkje motteke søknad om bruksendring frå hønehuset til fritidsbustad etter plan- og bygningslova §20-1. Dette skal ettersendast saman med søknad om bruksendring av ansvarleg søkjar før arbeida med utsleppanlegget skal setjast i gang.

Vurdering:

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i dette området. Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf. § 7 i Forureiningsforskrifta.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2140.

Vedtak

«Med heimel i forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-5 og § 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn for ein fritidsbustad på Åsebø på gbnr 46/1 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar på 1 m³ av godkjend type før utsleppet vert ført i terrenget på gbnr 46/1. Det skal ikkje installerast vassklosett.*
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for gråvatn i samsvar med situasjonskart, motteke 04.10.19.*
- 3. Det skal ettersendast søknad om bruksendring frå hønehuset til fritidsbustad jf. pbl § 20-1 med erklæringar om ansvarsrettar før arbeida med utsleppanlegget skal setjast i gang.*
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forureining, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6.*
- 5. Dokumentasjon frå rørleggjar samt søknad om bruksendring skal ettersendast av ansvarleg søkjar før arbeida med utsleppanlegget skal setjast i gang.*
- 6. Tiltaket skal innlemmast i kommunal slamtømmeordning.»*

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureiningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans. Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen,

jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan v2

Tilleggsopplysningar utslepp hytte - GBNR 46/1

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå fritidsbustad GBNR 46/1

E-postmelding - Søknad om utslipp GBNR 46/1

Kopi til:

Ivar Magnar Dalland

Langarinden 395 5132

NYBORG

Mottakarar:

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning AS Storebotn 10 5309

KLEPPESTØ